



# VANYLVEN KOMMUNE

Del 1 - Forskrift om anløpsavgift for Vanylven kommune

Del 2 - Forskrift om sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn for Vanylven kommune

Del 3 - Regulativ for hamnebruk i Vanylven kommune

## 2019

*Del 3 vedteke i k-sak 81/2018*

## Innhold

Del 1 - Forskrift om anløpsavgift for Vanylven kommune .....	3
Del 2 - Forskrift om sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn for Vanylven kommune .	5
Del 3 – Regulativ for hamnebruk i Vanylven kommune.....	6
3.0 Generelle vilkår.....	6
3.1 Anløpsavgift.....	7
3.1.1 Miljørabatt på anløpsavgift .....	7
3.2 Kaivederlag .....	7
3.3 Varevederlag .....	8
3.3.1 Varevederlag .....	8
3.3.2 Oppkrevjings avgjersle .....	9
3.3.3 Vederlag for overliggjande vare .....	9
3.4 Passasjervederlag.....	10
3.5 ISPS .....	10
3.6 Andre vederlag .....	10
3.6.1 Vederlag for opplag av container .....	10
3.6.2 Vederlag for ankring.....	10
3.6.3 Vederlag for boreriggjar, kranskip og spesialfarty i opplag.....	11
3.6.4 Sal av straum og vatn .....	11
3.6.5 Langtidslagring og bruk av hamneareal .....	11
3.6.6 Vederlag for kjørety.....	11
3.6.7 Renovasjon .....	11
3.7 Anna.....	12
3.7.1 Sakshandsamingsgebyr .....	12
3.7.2 Reklamasjon og tvistar .....	12

# Del 1 - Forskrift om anløpsavgift for Vanylven kommune

**Heimel:** Fastsatt av Vanylven kommunestyre 05.09.2017 med heimel i lov om hamner og farvatn av 17. april 2009 nr. 19 og forskrift av 20. desember 2010 nr. 1762 om kommunenes berekning og innkrevjing av anløpsavgift.

## **§ 1. (formål)**

Anløpsavgift skal finansiere kostnader, men ikkje ha vesentleg resultateffekt. Kostnader som dekkes av anløpsavgifta framkjem av forskrift 20.12.2010 nr. 1762 § 3.

## **§ 2. (virkeområde)**

Føreskrifta gjeld berekning og innkrevjing av anløpsavgift for farty som anløper hamn i Vanylven kommune sitt sjøområde. Med eit anløp meinast ei inn- og utsegling. Anløpsavgifta betalast ein gong per anløp. Ved gjentatt anløp innanfor eit og same døger, bereknast avgifta kun ein gong per døger. Definisjon av hamn framkjem av lov om hamner og farvatn av 17. april 2009 nr. 19 § 4.

## **§ 3. (ansvarsforhold og straffeansvar)**

Reiaren og agenten svarer solidarisk for anløpsavgifta, jf. Lov om Hamner og farvatn § 25 fjerde ledd. Skuldig anløpsavgift er tvangsgrunnlag for utlegg.

Ved sein betaling av anløpsavgifta må det batalast forsinkelsesrente etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav som Vanylven kommune har mot reiar, har panterett i skipet etter reglene om sjøpanterett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova).

Manglande avgiftsbetaling medfører straffeansvar.

## **§ 4. (berekningsgrunnlag for anløpsavgift)**

Jf. forskrift 20.12.2010 nr. 1762 § 4 blir anløpsavgift berekna i NOK på bakgrunn av fartyets bruttotonnasje (BT) slik den er angitt i fartyets internasjonale målebrev. Forskrifta tillater å nytte ei minimumsavgift.

For fartya med størst lengde over 15 meter som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, fastset Vanylven kommune fartøyet sin tonnasje basert på berekning av BT for tilsvarende farty.

Alle oppgitte satsar er eksklusiv meirverdiavgift.

### **§ 5. (fritak for anløpsavgifter mv.)**

Jf. forskrift 20.12.2010 nr. 1762 § 2 er følgende unnateke fra plikt til å betale anløpsavgift:

- farty med største lengde under 15 meter
- bergings- og isbryterfarty i høve berging og isbryting
- orlogsfarty, norske og utanlandske
- Kystverkets farty i høve med arbeid i farvatnet
- farty som anløper hamn på grunn av skade eller nøds tilstand og fartøyet ikkje laster, lossar eller tar om bord passasjerar.

I tillegg er farty som passerar gjennom avgiftsområdet utan å anløpe hamn fritaken fra plikt til å betale anløpsavgift.

Kommunen kan frita andre farty enn de som er nemnt fra plikten til å betale anløpsavgift.

### **§ 6. (opplysningsplikt for hamnebrukarar og private kaieigarar)**

Jf. forskrift 17.08.1989-08 § 2 plikter hamnebrukarar og private kaieigarar å gi Vanylven kommune dei opplysningar som er nødvendig for å berekne og innkrevje anløpsavgifta. Vanylven kommune kan krevje kopi av dokumentasjon for å kunne oppfylle offentlege statistikkkrav eller for å kunne kontrollere berekning av Vanylven kommune sine krav etter denne forskrifta.

### **§ 7. (klage)**

Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan påklagast etter Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker. Kystverkets hovudkontor er klageinstans. Klagen sendast Vanylven kommune.

### **§ 8. (ikrafttredelse)**

Føreskrifta trer i kraft frå 01.01.2018

## Del 2 - Forskrift om sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn for Vanylven kommune

**Heimel:** Fastsatt av Vanylven kommunestyre 05.09.2017 med heimel i lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn § 6 , og forskrift 20. desember 2010 nr. 1760 om saksbehandlingsgebyr etter lov om hamner og farvatn.

### **§ 1. (sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn)**

Føreskrifta gjelder tiltakshavar si plikt til å betale gebyr til dekning av Vanylven kommune sine kostnader vedrørende handsaming av søknad om løyve etter lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn § 27 første ledd.

Det skal ikkje reknast gebyr for handsaming av klage over vedtak.

### **§ 2. (gebyret sin storleik mv.)**

Sakshandsamingsgebyr, «større» tiltak kr 4 000 pr. søknad.

Sakshandsamingsgebyr, «enkle» tiltak kr 3 000 pr. søknad.

Sakshandsamingsgebyr, «større» tiltak m/synfaring kr 6 000 pr. søknad.

Sakshandsamingsgebyr, «enkle» tiltak m/synfaring kr 4 000 pr. søknad.

Faktura vert utsteda når vedtak er fatta.

### **§ 3. (ikrafttredelse)**

Føreskrifta trer i kraft frå 01.01.2018

## Del 3 – Regulativ for hamnebruk i Vanylven kommune

### 3.0 Generelle vilkår

#### Fastsetjing av pris

- Kunden skal betale avgifter, gebyr og vederlag i medhald av gjeldande prisliste.
- Alle priser i "Regulativ for hamnebruk", "Forskrift om anløpsavgift" og "Forskrift om sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn" er oppgitt i Norske kroner (NOK) og er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter dersom ikkje anna er oppgitt.

#### Tilbodskrav

- Når Vanylven kommune gir et tilbod til kunden er det å sjåast som uforpliktande inntil kundens aksept av tilbodet er kome oss i hende.
- Alle tilbod som Vanylven kommune gir er oppgitt i Norske kroner (NOK) og er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter dersom ikkje anna er oppgitt.

#### Betalingskrav

- Vanylven kommune sitt tilgodehavande overfor sine kundar forfell til betaling tjueein (21) kalenderdagar frå fakturadato, viss ikkje anna er avtalt.
- Det kan krevjast fakturagebyr ved skiving av fakturaer. Dette vil da framkome som ei eiga linje på fakturaen.
- Kunden pliktar å gje opp riktig fakturaadresse og halde Vanylven kommune informert om eventuelle endringar av fakturaadressa. Omfakturering som fylgje av at kunden har mislighaldt sin informasjonsplikt, fritiek ikkje kunden sin plikt til å betale i rett tid i medhald av den opphavlege fakturaen.
- Dersom kunden ikkje betalar fakturaen til rett tid, har Vanylven kommune rett til å krevje lovens forseinkingsrente og purregebyr etter inkassolovgivinga si bestemming.
- For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå Vanylven kommune skal kunne gjerast gjeldande mot Vanylven kommune, må det reklamerast utan ugrunna opphald.

#### Sikkerheitskrav

- Vanylven kommune kan krevje forskottsbetaling, bankgaranti eller annan relevant sikring for dei hamnetenester som skal leverast. Inntil betaling eller sikringskrav har funnen stad, har Vanylven kommune rett til utan varsel å innstille hamnetenester som er setne i gang eller nekte seglingsløyve inntil krav om betaling eller sikringskrav er oppfylt.

#### Privatrettslege reglar

- Dei hamnetenestene som ikkje er gebyr og avgift for etter "Lov om hamner og farvatn" fylgjer vanlege privatrettslege reglar.

#### Regulering av prisar

- Prisane som er gjevne i "Regulativ for hamnebruk" gjeld for eit (1) kalenderår av gongen, dersom ikkje anna blir vedteke av kommunestyret i Vanylven kommune.
- Det kan gjennomførast regulering av gjeldande prisliste dersom det oppstår forhold som gir uheldige konsekvensar for Vanylven kommune og ikkje var kjend når prislista vart vedteken i styrande organ.

### 3.1 Anløpsavgift

Anløpsavgift er ei lovregulert avgift og er betaling for bruk av farleia i Vanylven kommune sitt sjøområde. Gjeldande retningsliner framkjem av "Forskrift om anløpsavgift for Vanylven kommune", vedtatt av Vanylven kommunestyre 05.09.2017.

Anløpsavgifta skal dekkje kommunen sine kostnader knytt til sikkerheit og framkomelegheit i kommunen sitt sjøområde, samt utøving av offentleg mynde med heimel i eller medhald av lov av 17. april 2009 om hamner og farvatn.

Eit kvart fartøy med de unntak som er nemnt i forskrift om anløpsavgift for Vanylven kommune § 5 skal betale anløpsavgift etter følgende satsar:

- **Kr 0,18/BT**
- **Minstesavgift per anløp er kr 150,-**

Jf. forskrift 20.12.2010 nr. 1762 § 4 blir anløpsavgift berekna i NOK på bakgrunn av fartyets bruttotonnasje (BT) slik den er angitt i fartyets internasjonale målebrev.

For fartya med størst lengde over 15 meter som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, fastset Vanylven kommune fartøyet sin tonnasje basert på berekning av BT for tilsvarende farty.

Reiaren og agenten svarer solidarisk for anløpsavgiften, jf. Lov om Hamner og farvatn § 25 fjerde ledd.

#### 3.1.1 Miljørabatt på anløpsavgift

Farty som er registrert med Environmental Ship Index (ESI) frå World Ports Climate Initiative vert innvilga rabatt i anløpsavgiften på 20 prosent dersom ESI er over 30 poeng, og 50 prosent dersom ESI er over 50 poeng.

Rabatten gis innanfor ESI-sertifikatets gyldighetsperiode, og der ESI-registreringa er førehandsmeldt.

### 3.2 Kaivederlag

Farty som legger til ved kommunale kaier, betaler kaivederlag etter nedanfor ståande satsar. Kaivederlaga blir berekna på tilsvarende måte som for anløpsavgifta. Vederlaga betales pr. på begynt døgn.

For dei første 5000 BT	Kr 0,54 / BT
For dei neste 5000 BT	Kr 0,47 / BT
Deretter, over 10 000 BT	Kr 0,41 / BT

#### Minstevederlag:

- Kr 400,- for farty på 15m og større
- Kr 200,- for farty mindre enn 15m

Orlogsfarty, både norske og utanlandske er fritekne frå å betale kaivederlag.

Liggjetida vert rekna frå fartøyet legg til kai og inntil det går frå kai. Del av døgn på 6 timar eller mindre vert rekna for 1/2 døgn. Det vert likevel alltid betalt kai vederlag for minst eit døgn.

For farty som etter ordre frå hamnemyndigheitene må forhale frå kaia for å gje plass for anna farty, og deretter legg til kai igjen, vert liggetida rekna som om fartyet heile tida hadde lege ved kaia.

Skifter eit farty frå ein plass ved offentlege kaier til ein annan utan i mellomtida å ha vore utanfor sjøområdet sine grenser, blir liggetida å rekne som om fartyet hadde lege ved kaia uavbrote.

Eit farty som fortøyer på utsida av eit anna farty som ligg ved kai, skal enten det lossar/ lastar gods eller passasjerar, eller berre ligg utan å gjennomføre arbeidsoppgåver, betale kai vederlag som om fartyet var fortøygd til kaia.

Alle farty, anten det er friteke for kaivederlag eller ikkje, er forplikta til å ta den plass som blir tilvist av hamneadministrasjonen. Om nødvendig kan hamneadministrasjonen beordre forhaling av fartyet.

Det kan fastsettast månadsavgift etter avtale med hamneadministrasjonen.

Av konkurranseomsyn kan hamneadministrasjonen fråvike gjeldande satsar.

Båtforeningar som leige hamneanlegg av Vanylven kommune er ansvarlege for å krevje inn kaivederlag av hamnebrukare som ikkje er heimehørande i hamneanlegget. Følgande satsar gjeld:

Båtar 0-49 fot	Kr 200,- pr. døgn
Båtar 50-- fot	Kr 400,- pr. døgn

### 3.3 Varevederlag

Fritekne for varevederlag er:

- Passasjerar sin bagasje
- Proviant, kol, olje og naudsynte varer som er naudsynt til fartøyet sitt eige behov.

Varevederlag gjeld for alle varer som vert frakta med skip til eller frå hamna, og som vert ført over kommunale kaier.

Varer som kjem til hamna i transitt og vert vidaresendt med farty eller køyrety, skal belastast med varevederlag på kr. 15,00 pr. tonn (ein gong) ved lossing.

Generelt skal varevederlaget berre kunne belastast ein gong for same vare innan Vanylven kommune sitt sjøområde.

Varevederlag på gods som vert overført frå eit farty til eit anna utan å passere kaia, vert ikkje kravd med meir enn ein tredjedel. Eitt av fartya må ligge til kai.

Varevederlag dekkjer lagring av varer på kai, areal eller innretning inntil 48 timar etter ferdig utlossing av skip eller inntil 48 timar før lastinga av skipet tek til.

Varevederlag for inngåande varer kvilar på varemottak. Varevederlag for utgåande varer kviler på vare avsendar. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for at varevederlaget vert lagt på transportøren dersom vederlaget vert rekna inn i frakta.

#### 3.3.1 Varevederlag

Varevederlag skal innkrevjast etter fylgjande regulativ:

Varegruppe:	Varevederlag i NOK pr. tonn
Sand, singel, pukkstein, skifer, asfalt, sement og dyrefor	Kr 11,-
Poteter, salt, korn, mjøl og gjødsel i sekkar	Kr 11,-



Person- og varebiler	Kr 65,-
Lastebilar, bussar og anleggsmaskiner samt chassis	Kr 185,-
Landbrukstraktorer	Kr 120,-
Robåter, joller og lett båter	Kr 120,-
Sjarkar og cabin cruisar	Kr 240,-

Vederlag for alle varer, med unntak av dei som er nemnde ovanfor, er kr 11,00 pr. tonn for vektvarer og kr 11,00 pr. tonn for volumvarer (2 m<sup>3</sup> = 1 tonn.)

Hamneadministrasjonen avgjer i tvilstilfelle kva slags varegruppe dei enkelte varene høyrer til.

Minste beløp for alle sendingar er kr. 200,-.

Av konkurranseomsyn kan hamneadministrasjonen fråvike gjeldande satsar.

### 3.3.2 Oppkrevjings avgjersle

Grunnlaget for innbetaling av varevederlag i Vanylven kommune sitt sjøområde, er opplysningar frå agent/ekspeditør/speditør. Desse pliktar kvar veke å sende ei oversikt over lasta og lossa godsmengde til hamneadministrasjonen. Innrapporteringa gjelder også antall og type lastebærara. Hamneadministrasjonen fakturerer den berekna varevederlaget til kvar enkelt agent/ekspeditør/speditør/vareeigar på basis av desse opplysningane.

Agent/ekspeditør/speditør vert gjeve 10 % provisjon av det oppkravde beløpet for denne rapporteringstenesta. Jf. § 16 i forskrift av 2. desember 1994.

Hamneadministrasjonen føretekk innkrevjing av varevederlag for last frå skip som ikkje har agent/ekspeditør.

Om det vert forlangt av hamneadministrasjonen, må skipet sin ekspeditør (meklar) - eventuelt førar som sjølv ekspederer sitt skip - oversende kopi av manifest eller oversikt over varer med oppgåve over mål, vekt og hverande mottakar eller avsendar.

Fartyet sin ekspeditør - eventuelt førar som sjølv ekspederer sitt fartøy - må ikkje utan tvingande nødvendighet ekspedere avgiftspliktig vare før varevederlaget er betalt. I motsatt fall kan han gjerast ansvarlig for avgiftsbeløpet.

Hamneadministrasjonen forbeheld seg retten til å gjere stikkprøver og kontroll hos agent/ekspeditørane/meklarane og kan krevje å få førelagt det materiale og dokumentasjonen som ein finn naudsynt.

### 3.3.3 Vederlag for overliggjande vare

Vare som kjem sjøvegen og som ikkje skal vidaresendast sjøvegen: - kr. 11,- pr. m<sup>2</sup> pr. på begynt døger. Varer som kjem til hamna for vidare forsending sjøvegen:- kr. 11,- pr. m<sup>2</sup> pr. på begynt døger.

Varer må berre leggest på dei stadane som hamneoppsynet anviser. Dei må hurtigast muleg bringast bort med mindre hamneoppsynet finn å kunne tillate at dei blir liggande.

Varer som er lagra utan hamneadministrasjonen sitt samtykke, eller som blir liggande lenger enn tillate, kan fjernast og lagrast for vedkommande mottakar eller avsendar si rekning. Blir slike varer ikkje henta innan 9 månader, kan hamneadministrasjonen selje dei ved offentlig auksjon etter vanlig kunnngjering.

Varer som ikkje gjev sikkerheit for omkostningar som kjem til eller som er lett bedervelige eller som kan vere årsak til skade, kan hamneadministrasjonen selje før utløpet av 9 månader, eller destruere om det vert funne naudsynt.

Om hamneadministrasjonen finn det påkravd å utbetre emballasje eller foreta om pakking, kan dette gjerast mot refusjon av utgiftene.

Hamneadministrasjonen er heilt utan ansvar for varer som er lagra på kommunale kaiområde.

Tomgods, pallar, containrar, emballasje og liknande må ikkje oppbevarast på kaiene eller på kaiområdet. Om så skjer kan dette fjernast av hamneadministrasjonen utan at godset seinare kan krevjast tilbake, eller at erstatningskrav i nokon form kan gjerast gjeldande mot hamnemyndighetene.

### 3.4 Passasjervederlag

Det vert ikkje krevd passasjervederlag i 2019.

### 3.5 ISPS

Vanylven kommune har to godkjente ISPS hamneanlegg; Fiskåholmen og Eidså sag. Det vert ikkje krevd ISPS-vederlag i 2019.

### 3.6 Andre vederlag

#### 3.6.1 Vederlag for opplag av container

For 20 fots container vert det kravd inn pr. på begynt døger med kr 150,-.

For 40 fots container vert det kravd inn pr. på begynt døger med kr 300,-.

Vederlaget gjeld for tida frå containeren kjem fram til og til den igjen forlèt kaia. Forpliktinga kviler på containeren sin eigar eller den som representerer eigar. Det vert fakturert ved utskipping, men er ikkje til hinder for at ein kan inngå andre avtalar.

For langtidsleige av lagringsareal for container kan hamneadministrasjonen inngå eigne avtaler.

Container skal plasserast på anvist plass.

#### 3.6.2 Vederlag for ankring

Farty som ankrar opp i hamnebassenget i påvente av kaiplass, seglingsmoglegheit m.v betalar ikkje vederlag for ankring dei fyste 24 timar.

Farty som ikkje ankrar opp, men oppheld seg i hamnebassenget i påvente av kaiplass, seglingsmoglegheit m.v betalar ikkje vederlag dei fyste 24 timar. Deretter betalast det vederlag som om fartyet hadde ankra opp.

Ankring utover 24 timar, belastast med vederlag pr. påbegynt døger etter nedanfor ståande satsar

< 2000 BT	Kr 800,-
2000 BT til 5000 BT	Kr 1000,-
5000 BT til 10 000 BT	Kr 1200,-
> 10 000 BT	Kr 1500,-

Farty som skal ankre opp skal nytte seg av tilrettelagd ankringsområde.

### 3.6.3 Vederlag for boreriggjar, kranskip og spesialfarty i opplag

Farty av ovanfor nemnde type som vert ankra opp for opplag i havnedistriktet betaler kr. 1500,- pr.påbegynt døger. Oppjekkbare riggar skal betale kr. 1.700,-. Likevel skal det alltid betalast for minimum 10 døger.

For lekter og andre spesialfarty som ikkje lossar/ laster, og som skal ligge i eit lengre tidsrom, kan det avtalast egne vederlag for kvart enkelt tilhøve.

Satsane kan fråvikast av hamneadministrasjonen dersom konkurransemessige eller andre omsyn skulle tilseie det.

### 3.6.4 Sal av straum og vatn

Det skal betalast kr. 1,50 pr. kWh. ekskl. MVA for straum levert frå hamnas strømforsyning.

I tillegg vert det innkravd kr 200,- for til- / fråkopling, til saman kr 400,-.

Ved eventuell. prisauke frå straumleverandør, vil prisen bli justert tilsvarende.

Ved levering av vatn til farty m.v. skal det betalast med kr. 15,00 pr. tonn/m3 ekskl. MVA.

I tillegg vert arbeidslønskostnadar rekna pr. time

Norske skip skal betale meirverdiavgift, medan utanlandske skip er fritekne for meirverdiavgift.

Minstetakst for kvar levering er kr 400,- ekskl. MVA.

### 3.6.5 Langtidslagring og bruk av hamneareal

Utelagring på og bruk av hamneareal vert å betale med kr. 15,- pr. m2. pr. på begynt månad på fast dekke. Hamneadministrasjonen anviser plass for langtidslagring.

### 3.6.6 Vederlag for kjørety

Gjeld for lastebilar, trailer og laushengarar som kjem til/ går ut frå kommunal hamn - uavhengig av skipsfart til/frå same hamn - og som nyttar seg av lagerhus, kaiareal og/eller terminaltenester i kommunal hamn.

Kjørety som lastar eller lossar på kaiområdet tilhørande Vanylven kommune betalar kr. 200,- pr. eining pr. gong. Prisen er inkl. MVA. Bil med tilhengar er to einingar og skal belastast tilsvarende.

Ved gjentatt laste- / losseoperasjonar på same terminal, vert det rekna vederlag berre ein gong dagleg for same eining.

Tal på einingar skal innrapporterast til hamneadministrasjonen kvar veke. Hamneadministrasjonen fakturerer det berekna leigebeløpet til kvar enkel agent/ ekspeditør/ speditør/ lastebileigar.

For varer som vert lasta eller lossa til/ frå lastebil utan å passere kai kanten, skal det betalast eit vederlag til Vanylven kommune på kr 15,00 pr. tonn. Dersom varen kjem til eller forlet kommunal kai med farty og vert belasta med vareavgift, vert varen friteken for vederlag etter dette punktet.

Kjørety som vert parkert på hamna sine kaier eller areal utan at det er inngått avtale med hamneadministrasjonen, betaler kr 150,- pr. døger i vederlag.

### 3.6.7 Renovasjon

I samband med Klima- og miljødepartementet si føreskrift om avgrensing av forureining (FOR 2004-06-01 nr 931) , er det utarbeidd særskilte avfallsplanar og gebyrordningar.

Vanylven kommune tilbyr renovasjon ved førespurnad. Fakturering skjer i etterkant.

Farty kan sjølv velje om dei vil nytte seg av kommunens avfallsordning eller eksterne avfallsselskap.

## 3.7 Anna

### 3.7.1 Sakshandsamingsgebyr

Til dekning av kommunen sine naudsynte kostnader knytt til handsaming av søknad om løyve etter Lov om hamner og farvatn § 27 og føreskrifter gjeve i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

- Sakshandsamingsgebyr, "større" tiltak kr 4 000 pr. søknad.
- Sakshandsamingsgebyr, "enkle" tiltak kr 3 000 pr. søknad.
- Sakshandsamingsgebyr, "større" tiltak m/synfaring kr 6 000 pr. søknad.
- Sakshandsamingsgebyr, "enkle" tiltak m/synfaring kr 4 000 pr. søknad.

Gebyra vert kravd betalt innan saksbehandlinga tek til. Saksbehandlinga vert satt i verk når innbetaling av gebyr er registrert på Vanylven kommune sin bankkonto.

Når ein tiltakshavar eller rekvirent er årsak til at ei handsaming av søknad blir avbroten, vil tiltakshavar eller rekvirent få tilbakebetalt halve gebyret.

Ved avslag på søknad vil gebyret ikkje bli tilbakebetalt.

### 3.7.2 Reklamasjon og tvistar

Dersom kunden vil halde Vanylven kommune erstatningsansvarleg for skadar, forseinkingar eller har andre krav knytt til gjennomføring av hamnetenester skal dette settast fram for Vanylven kommune skriftleg utan ugrunna opphald. Motsegn og krav kan ikkje gjerast gjeldande seinare enn tre (3) månadar etter den dagen da kunden fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til forholdet som grunngjev kravet.

Partane sine rettar og plikter i medhald av noverande føresegner, vert regulert i sin heilskap av norsk rett.

Søre Sunnmøre tingrett er verneting for alle rettstvistar knytt til bruk av Vanylven kommune og forståing av nærverande føresegner.